

Kenneth Tredal
Litlevågsbrotet 31
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/4579 - 21/36702

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
02.06.2021

Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 214/2,97 Fyllingsnes

Tiltak: Søknad om arealoverføring
Byggjestad: Gbnr: 214/2
Tiltakshavar: Kenneth Tredal


Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 12.05.2021.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Parsellen ligg innanfor byggjegrense mot sjø sett i kommunedelplan for Lindås. Det må derfor søkjast om dispensasjon frå pbl. § 1-8. «*Forbud mot tiltak mv. Langs sjø og vassdrag*». Informasjon om dispensasjon finn du mellom anna på kommunen si heimeside; [Alver kommune - Dispensasjon](#)

Gjer merksam på at søknad om dispensasjon skal nabovarlast.



Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 31.07.2021. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Kenneth Tredal

Littlevågsbrotet 31

5913

EIKANGERVÅG